



DEN NORSKE KYRKJA
Lindås kyrkjelege fellestråd

SÆRUTSKRIFT FRÅ MØTEBOK
LINDÅS KYRKJELEGE FELLESTRÅD 23. september 2018

Møtestad: Fellestrådskontoret i Lonsvegen 1

Til stades: Turid K. Sporsheim Tvedt, Leif Hosøy Sleire, Geir Øy (vara for Helge Taranrød), Harald Osland Øvretveit, Kåre Bjarne Leivestad (vara for Inge Arnulf Hjelmtveit), Ove Jan Paulsen, Bjørg Åsgard, Henrik Steinsund, Johan Lygre.

(Bjørg Åsgard kom under sak 67. Bjørg Åsgard og Leif Sleire gjekk under sak 71.)

Kyrkjeverje Torgeir Paulsen frå administrasjonen

Sekretær: Synnøve Bjørndal

Geir Øy er ny vara for geistleg representant.

.....

SAK 70/18 Justering av kyrkjeleg inndeling / soknegrenser i Lindås

Orientering v/ kyrkjeverja.

Vedtak:

1. Lindås kyrkjelege fellestråd har tatt imot søknadar frå sokneråda i Alversund, Seim og Lygra sokn om å slå seg saman til eitt sokn med namnet Knarvik sokn.
 - a. Tidspunkt for samanslåing blir 1.11.2019
 - b. Soknerådet får 10 faste representantar i tillegg til sokneprest, og 5 vararepresentantar
2. Lindås kyrkjelege fellestråd har vidare tatt imot søknad frå Lindås, Myking og Hundvin sokn om å få slå seg saman til eitt sokn med namnet Lindås sokn.
 - a. Tidspunkt for samanslåing blir 1.11.2019
 - b. Soknerådet får 8 faste representantar i tillegg til sokneprest, og 5 vararepresentantar
3. På bakgrunn av tilsendt dokumentasjon godkjenner kyrkjeleg fellestråd sakshandsaminga i dei ulike råda, og tilrår samanslåinga for Bjørgvin bispedømeråd som har formell mynde til endeleg godkjenning av endringar i den kyrkjelege inndelinga i Nordhordland prosti.
4. Saka vert å sende til Bjørgvin bispedøme med kopi til prosten i Nordhordland og til Lindås kommune.